



Arkivsaknr: 2024/4556-1
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen
Hagenlund
Avdeling: Landbruk

SAKSFRAMLEGG

Revidering av retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Forslag til revidering av Retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Alver kommune vert vedtatt og trer i kraft 01.01.25.

Politisk handsaming

Utval for areal, plan og miljø vedtar forslag til revidering av Retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Alver kommune.

Saka gjeld

Frå 01.01.2020 er det kommunane som har fullmakt til å løyve tilskot til alle skogbrukstiltak etter «Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» (NMSK-forskrifta).

Kommunen er i forskrifta gitt myndigheit til å fatte vedtak om tildeling av tilskot, og fastsette overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Statsforvaltaren fordeler den økonomiske ramma til kommunane for dei statlege tilskotsordningane som forskrifta femner om.

Retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Alver kommune 2023-2028 vart utarbeid og godkjend i 2023, men ulike utfordringar for skogbruket har vist eit behov for å revidere visse delar av retningslinjene.

Hovudårsaken til revideringa er utfordringar knytt til manglande nyplanting, stor dødelegheit av granplantar grunna gransnutebiller (*Hylobius abietis*) og tilrettelegging for endra driftsformer og skogstruktur som tilpassing til forandring i klima. I tillegg er det gjort nokre presiseringar av tidlegare formuleringar for å tydeleggjera vilkår for tilskot.

Hovudendringane i revideringa er å redusere tilskot til dei minste plantane ned til 20% og fjerne tilskot til ubehandla plantar. Samtidig behaldast det høge tilskotet på 40% til store, behandla plantar og det gis ytterlegare 10% til større plantar som Tplus og barrots-plantar. Dette er gjort for at det skal lønne seg for skogeigar å plante større, behandla plantar som vil ha ein betre sjanse å overleve angrep frå gransnutebiller og derfor redusere risikoen for at skogeigar må plante på nytt.

I tillegg er det opna opp moglegheit for tilskot til innblanding av lauvtrær og anna blandingsskog av for eksempel furu og lyselskande tresortar. Det vert og opna opp for å gje tilskot til planting av kantvegetasjon langs vatn og vassdrag og i sumpområder. Dette er gjort for å oppmuntre til innblanding av minst 10% lauv i samsvar med PEFC-standard, sikre karbonfangst på areal der skogeigar ikkje ynskjer monokultur gran ved å tilby moglegheit for alternative tresortar, og for å auke det biologiske mangfaldet i kommunen og bidra til å oppfylle naturavtalen.

Lowverk:

Frå 01.01.2020 er det kommunane som har fullmakt til å løyve tilskot til alle skogbrukstiltak etter «Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» (NMSK-forskrifta).

Formålet med forskrifta om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar blir stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen blir ivare tatt og vidareutvikla.

Forslag om revideringa av retningslinene vil bidra til auka verdiskaping i skogbruket og auka ivaretaking og utvikling av biologisk mangfald i forhold til dei vedtekne retningslinene.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Alver kommune er den største hogst-kommunen i Vestland fylke og i 2024 hadde Alver den høgaste avverkinga på en enkelthogst i heile landet. Denne aktiviteten er forventa å auke eller vedvare dei neste 20 år. Alver kommune ynskjer å vera ein aktiv pådrivar i utviklinga av skognæringa. Sjølv om verdien av den ståande skogen er relativt stor, er det ei utfordring i kommunen at bruka har relativt små skogteigar. Det gjer det utfordrande å oppnå ei rasjonell og effektiv skogsdrift. I tillegg er uttransport av tømmer på veger av for dårleg standard krevjande, og Alver har heller ikkje eit godt utbygd vegnett til skogsdrift. Det er stor trong for å bygge fleire skogsbilvegar i perioden framover. Framleis satsing på skogdagar, skogkurs og rådgjeving er viktig for å oppretthalde og utvikle aktiviteten i skogbruket.

I tillegg er det eit stor problem med forynging i kommunen både på grunn av stor dødelegheit grunna gransnutebiller og på grunn av at skogeigar av ulike grunner ikkje ynskjer å plante gran.

Forynging

Resultat frå foryngings- og resultatkontroll 2023 tyder på at Alver kommune har eit betydeleg tap av produksjonsskogsareal. Av 37 undersøkte felt er det berre to areal som oppfyller minste lovlege plantetal. Dette betyr at av dei 37 undersøkte areala, er det berre 5% som har tilfredsstillande forynging. Det vil sei en 95% nedgang i produktivt skogareal i kommunen.

Der det ikkje har blitt planta er årsaka i all hovudsak uvilje til planting av gran, mangel på kunnskap om lovverk, metodar og regelverk, og omdisponering til innmarksbeite. På dei areala som har blitt tilplanta ser vi svært høg dødelegheit, opptil 90% på fleire areal, i all hovudsak forårsaka av gransnutebillar (*Hylobius abietis*).

Gransnutebille er ein vanlig skadegjerar i skogplantefelt. Svermande bille blir tiltrekt av lukta frå ferske stubbar og invaderer hogstflater for å finne plasser for egglegging. Dei vaksne billene gjer skade på forynginga når dei gneg barken på små gran og furuplanter. Dødelegheita i plantefelt kan bli opp til 80–90 %.

Effektive tiltak for å betre overlevinga av plantar er markberedning, bruke større plantar, kjemisk og fysisk beskyttelse og velje riktig tidspunkt for planting når billeaktiviteten er lågast.

Naturkrisa, naturavtalen og rolla til skogbruket

Naturkrisa er ein av dei største utfordringane i verden med eit dramatisk og akselererande tap av naturmangfald forårsaka av menneskeleg aktivitet ifølgje rapporter frå FNs Naturpanel. Av artane som er negativt påverka av arealendringar er nær halvparten av dei knytt til skogbruksaktivitet.

Skogen er det økosystemet i Norge som er i dårlegast tilstand i følgje til norsk naturindeks. Halvparten av dei truga artane i Norge lev i skog og mange av dei er i ferd med å forsvinne ettersom dei er avhengige av gamle og døde tre (Skogkur, 2030).

I følgje ein rekke internasjonale avtalar har Norge forplikta seg til å ta omsyn til miljøverdiar. Montreal avtalen som Norge har skrive under på, seier blant anna at det skal takast naturomsyn i all arealplanlegging, det skal bli verna 30% natur, og restaurert 30% natur innan 2030.

I tillegg kjem den norske Naturmeldinga som sett krav til ivaretaking og restaurering av natur. Eit av føremåla med revideringa er å opne opp for moglegheita til etablering av fleirsjikt skog med lyselskande tresortar som innblandingsskog eller naturnær skog på areal der skogeigar ikkje ynskjer å plante monokultur gran. Dette inneber ein større valmoglegheit for grunneigar.

Karbonlagring

Den norske skogen reknast som eit særskilt viktig karbonlager og den bind karbon i ein mengde som tilsvara 40 prosent av utsleppa våre. Dei siste åra har karbon-opptaket falt, og ny forskning frå NIBIO viser hovudårsakene: økt hogst, for lite ny skog og skogdød. Skogen sin helsetilstand vert i stor grad påverka av klima og vêrforhold, enten direkte ved tørke, frost og vind, eller indirekte ved at klimaet påverkar omfanget av soppsjukdom og insektangrep. Klimaendringane og den forventede auken i klimarelaterte skogskader gir store utfordringar for forvaltninga av framtidens skogressursar. Det same gjer invaderande skadegjerarar, både allereie etablerte artar og nye som kan komme til Norge i nær framtid.

Nyare forskning visar at karbonopptaket òg fell raskt i store delar av Europa av same årsak. Ein av dei føreslegne tiltaka for å hindre vidare tap av karbonlageret pga. skogdød er å prioritere blandingskog og lauvskog for å møte dei komande klimaendringane og følgjene av dei. I EU har dei allereie gått i retning av naturnært skogbruk der fleiraldra blandingskog blir prioritert framfor monokulturar av barskog.

Barskog kan lagre vesentleg meir karbon enn lauvtre og det er stigande etterspørsel etter trevirke, men monokulturar av bartre har vist seg å være sårbare for stormar, tørke og insektangrep som er forventede å bli hyppigare med klimaforandringane. Det vil derfor krevje ei endring i skogbrukspraksis. Naturnært skogbruk er ei driftsform som bidrar til at bartrebestandar blir meir robust gjennom artsblanding og strukturell variasjon med varig skogdekke.

Vurdering

I «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruken» (NMSK-forskrifta) § 3 står det:

«Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Statsforvalteren, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruken lokalt».

Høyring

Dei reviderte retningslinjene vart sendt på høyring til Statsforvalteren i Vestland, Landbruksfagrådet i Alver kommune og Nordhordland skogeigarlag med høyringsfrist 31.07.24. Ein høyringspart fekk utsett høyringsfrist til 16.08.24.

Etter høyringsfristen var ute kom det inn to innspel. Nordhordland skogeigarlag kommenterte at dei ikkje hadde nokre merknadar til retningslinjene. Statsforvalteren i vestland hadde eit grundig brev med følgjande innspel:

- Tilskot til taubane: Statsforvalteren påpeiker at det er utarbeida ein ny variabel tilskotssats til taubanetilskot. Retningslinjene vart oppdatert med den nye tilskotssatsen.
- Skogkultur: Statsforvaltar påpeiker at det ikkje berre frå regionsnivå, men også frå nasjonalt nivå er føringar på planting av gran etter gran. Teksten vart oppdatert med informasjon om dette.

- Innblanding av lauv: Statsforvaltar påpeiker at det er bra med eit aktivt skogbruk med stell av lauvskog, men påpeiker utfordringar med alm og ask grunna sjukdom, og at det er manglar på frø av mange lauvtre-artar.
- Tilskotssats skogkultur: Statsforvaltar presisera formuleringen M95/SA121 1 årig. Dette vart oppdatert i teksten. Statsforvaltar påpeiker også at tilskotssats på 50% til treslagsskifte frå gran til eikeskog ikkje er økonomisk forsvarleg ettersom eikeplantar er dyre. Statsforvaltar foreslår å heller blande inn edellaub i anna blandingsskog. Tilskotet vart fjerna og er bytta ut med innblanding av lauv.
- Kantsone: Statsforvaltar set tvil ved om kantsone er i tråd med NMSK forskrifta ettersom kantsona ikkje vil være mogleg å hogge i framtida. Kantsone kan etablerast som både indre skogbryn og som kantsone rundt plantefelt som sidan kan hoggast. Dette vil gje vern mot ver, insektangrep og sjukdom og betre stabilitet. Kantsona kan derav gje fordelar for skogbruket og Alver kommune vurderar difor at etablering av kantsone er i tråd med forskrifta.
- Innblanding av lauv: Statsforvaltar ønsker presisering av at innblanding av lauv krev søknad om treslagsskifte til kommunen. Dette har blitt presisert i teksten.

Formål og verknad

Retningslinjene er allereie utarbeida og formålet med revideringa er å tilpasse retningslinjene til noverande og komande utfordringar for skogbruket ved å tilpasse prioritering av tilskot.

Ein revidering av retningslinjene vil medføre at det vil bli eit redusert tilskot til mindre plantar som har dårlegare overleving ved angrep frå gransnutebiller. Dette vil gje ein økonomisk fordel for skogeigar om dei vel større, behandla plantar. Forhåpentlegvis vil dette gje ein betre overleving av plantar og at skogeigar slepp å plante på nytt. Ulempa kan vere at det i nokre tilfelle kan vere vanskeleg å få tak i nok store plantar.

I tillegg vil revideringa opne og moglegheita for planting og innblanding av andre treartar for dei skogeigarane som ynskjer å gå vekk frå monokultur gran. Det vert opna opp for moglegheit til å få tilskot til planting av kantvegetasjon langs vatn og vassdrag og i sumpområder. Dette kan bidra til at det blir meir velvilje for å plante opp at i hogstfelt og samtidig utvikle naturmangfaldet i kommunen der det ikkje skal prioriterast produksjonsskog.

Alver kommune ynskjer derfor å fokusere på fylgjande tiltak for NMSK-midlar i perioden 2025-2029:

- Nyplanting/ suppleringsplanting
- Tiltak mot snutebiller
- Markberedning
- Etablering av kantvegetasjon/sumpskog

- Moglegheit for etablering av blandingsskog/naturskog
- Ungskogpleie
- Lukka hogstformer
- Skogsbilveggar

Kommunedirektøren si tilråding

Revidering av NMSK retningslinene vil gjere det økonomisk lønnsamt for skogeigar å plante plantar med betre overleving, samt auke valmoglegheita for dei skogeigarane som ikkje ynskjer monokultur gran. Revideringa vil også legge til rette for utvikling av det biologiske mangfaldet i kommunen.

Det vert tilrådd at revideringa av retningsliner for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Alver kommune vert vedtatt slik den er lagt fram.

Vedlegg

- 1 Reviderte retningsliner for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak 2025-2029
- 2 Høyringsuttale frå Nordhordland Skogeigarlag SA
- 3 Revidering av retningsliner for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak - søknad om utsett frist frå Nordhordland Skogeigarlag SA
- 4 Revidering av retningsliner for NMSK i Alver kommune - kommentarar frå Statsforvaltaren i Vestla